



Rullestad og Skromme Energi AS

Kraftutbyggingsplanar på Rullestad og Skromme, Etne kommune



Tilleggsinformasjon

Høyringsfråsegn og spørsmål om sakshandsaminga kan ein få ved å venda seg til:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Kontaktperson:

Ragnhild Stokke
Tlf: 22 95 93 02
E-post: rast@nve.no

Spørsmål om utbyggingsplanane og prosessen vidare kan rettast til tiltakshavar:

Rullestad og Skromme Energi AS
ved Småkraft AS
Postboks 7050
5020 Bergen

Kontaktperson:

Martin Vangdal – Tlf: 55 12 73 46
E-post: martin.vangdal@smaakraft.no

Melding og brosjyre er utarbeidd av:

Multiconsult AS, Postboks 280, 1401 Ski
www.multiconsult.no

Kontaktperson:

Brian Glover – Tlf: 21 58 55 08
E-post: brian.glover@multiconsult.no

Brosjyre er utarbeidd:

Rullestad og Skromme Energi AS ved
Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 Bergen

Kontaktperson:

Martin Vangdal – Tlf: 55 12 73 46
E-post: martin.vangdal@smaakraft.no

Grafisk produksjon: Bodoni AS



Denne brosjyren informerer om søknad for bygging av kraftverk på Rullestad og Skromme i Etne kommune i Hordaland.

September 2011



Rullestad og Skromme Energi AS

Rullestad og Skromme Energi AS

Utbygginga på Rullestad og Skromme er eit samarbeidsprosjekt mellom grunneigarane og Småkraft AS, som saman eig Rullestad og Skromme Energi AS. Selskapet er konsesjonssøkjær og skal byggje og eige kraftverka.

Selskapet ønskjer å nytta fallet i elvar som renn inn i Rullestadvatnet til kraftproduksjon. Prosjekta kan samla gje om lag 147 GWh årleg produksjon. Dette tilsvarar straumforbruket til over 7500 huslydar.

Kvifor byggja kraftverk på Rullestad og Skromme?

Prosjekta på Rullestad og Skromme kan bidra med ein monaleg andel fornybar straumproduksjon. I ei tid då kunnskapen kring klimatrugsmålet veks fram, er det ei sentral oppgåve å styrkje produksjonen av fornybar kraft, fordi klimautfordringane er nært knytta til samansetninga av energiforsyninga. Vidare utbygging av norsk vasskraft er eit bidrag til å unngå særskild negative konsekvensar som ikkje kan reverserast. Ved å byggje ut i tråd med hovudalternativet (147 GWh) på Rullestad og Skromme, vil dei årlege CO₂-utsleppa kunne reduserast med 90.000 tonn. Dette tilsvarar utslepp frå bruken av 35.000 bilar pr. år.

Vilkåra for jordbruksdrift har endra seg, og nye tider krev omlegging av den tradisjonelle driftsforma for å sikre utkome frå eigedomen. Dagens landbrukspolitikkk legg opp til å utvikla nye inntektsformer i jordbruket. Utnytting av elvekraft er ein del av dette.

For grunneigarane er dette ei viktig kjelde som kan nyttast for å sikre inntekter til å ta vare på bygningsmasse, natur- og kulturlandskap på eigedomane.

Turisme er ei aukande inntekts-

kjelde lokalt. Tiltakshavar ynskjer å leggje til rette for at ein kraftstasjon vert etablert som eit visningsanlegg og døme på moderne produksjon av fornybar energi. Ein ser allereie andre stader der det er bygd småkraftverk, at turistar er interesserte i denne forma for nytting av naturressursar.

Utbygging av Rullestad- og Skrommeprosjekta vil utløyse bygging/oppgradering av trafo og nett i Åkrafjorden. Realiseringa av dei enskilte utbyggingsprosjekta i området kan vere avhengig av at andre prosjekt er med på å bera kostnadene ved nettilkobling. I denne samanhangen er utbygging i tråd med hovudalternativet på 147 GWh på Rullestad og Skromme, eit fundament for å tryggje investeringsgrunnlaget i fleire andre prosjekt.

Elvekraftverk versus oppdemming

Dei synlege inngrepa ved reguleringsverk kan vere betydelege og av ein annan karakter enn dei relativt små inngrepa ved utbygging av elvekraftverk. Dei planlagde elvekraftverka utnyttar naturleg vassføring i elvane, slik at



Oversiktskart med moglege utbyggingar.

produksjonen vil variere med tilsiget. Det vil ikkje verte bygt reguleringsmagasin. I delar av året med størst avrenning vil vassføringa i elvane vere som

tidlegare. På den strengaste vinteren vil elvane vere dekkja av snø og is.



Skromsfossen, eksisterande situasjon.



Illustrasjon av inntaksdam for alternativ Rullestad 2 i overkant av Skromsfossen.



Skromsfossen i Dalelva, eksisterande situasjon.



illustrasjon av inntak.

Om prosjektplanane

Fleire utbyggingsalternativ er vurder-
te i utredningsprogrammet og er be-
skrivne meir omfattande i søknaden.
Dette gjeld:

Kvernhuselva kraftverk

Skromme kraftverk

Rullestad kraftverk med 2 alternativ

Rullestad kraftverk 1

Rullestad kraftverk 2

Bordalen kraftverk med 3 alternativ

Bordalen kraftverk 1

Bordalen kraftverk 2

Bordalen kraftverk 3

Rullestad og Skromme Energi AS sø-
kjer primært om konsesjon for å byg-
gja ut følgjande hovudalternativ:

Rullestad 2

Rullestad 2 kraftverk vil nytta fallet
i Dalelva mellom kote 296 og 105. I
Dalelva er det planlagt bygd ein inn-
taksdam/terskel på toppen av fosse-
nacken (se bildeillustrasjon over).
Vannvegen vil i hovudsak bli tunnel
og rørgate i tunnel.

Rullestad 2 kan kombinerast med
utbygging av fallet i Bordalen i eige
kraftverk.



Bru på DNT-stigen, mellom Bordals- og Mjølkestølen.



Illustrasjon av planlagt dam.



Inntak Skromme kraftverk i Dalelva, eksisterende situasjon.



Illustrasjon av inntak.

Bordalen 1

Bordalen 1 vil i tillegg til vatn frå Bordalselva òg nytta vatn frå Skårselva og overføring av vatn via tunnel og sjakt fra Raudbekken og Sagelva.

Kvernhuselva småkraftverk

Kvernhuselva kraftverk vil nytta fallet i Kvernhuselva frå ca. kote 400 og ned til kote 110. Kraftstasjonen blir liggjande ca. 200 m nedstraums der E134 kryssar Kvernhuselva. Vannvegen vil bli nedgravd røyrgate.

Skromme småkraftverk

Skromme kraftverk vil nytte fallet i Dalelva med inntak frå ca. kote 352

ved Ulfoss og ned til Skromme gard på ca. kote 297. Vassvegen vil bli lagt i røyrgate i eksisterande veg.

Lokalisering av massetipp, tilkomstvegar og riggområde

Massar frå sprenging vil bli vurdert nytta lokalt der det er behov og til å heva flaumutsett dyrka mark ved Rullestadvatnet. Massar utover dette vert nytta til omfyllingsmassar og deponert i tipp nord for Raudbekken, der den vert lite synleg i landskapet. Tippet vert arrondert og tildekt når anleggsperioden er ferdig.

Traktorveg ved Kvernhuselva vert betra og forlenga. Ved Rullestad 2



må det byggjast ca. 100 m veg fram til kraftstasjonen. Her vil noverande lokalveg og bru på Rullestad oppgraderast. Tilkomst til stasjonen ved Bordalen skal etablerast ved ei 200 m forlenging av noverande veg langs austsida av Rullestadvatnet. Det må byggjast 400 m veg opp til tunnelportalen og ca. 230 m veg fram til tippen.

Nettanlegg

Noverande nett i området har ikkje kapasitet til å overføre produksjon i

den storleiken som her er omtala. Det må byggjast ein transformatorstasjon i Rullestad og ei 66 kV line ut av området for overføring av kraft.

Det er innleia eit samarbeid med Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), som parallelt med søknaden om kraftverk i Rullestad og Skromme, søkjar om konsesjon for å byggje nye overføringsanlegg mellom Rullestad og Blåfalli III. SKL vil stå for vidare planlegging av desse anlegga.



Illustrasjon av planlagt kraftstasjon med utløp.

Heile prosjektet omfattar følgjande overføringsanlegg:

- 66 kV kraftleidning mellom Rullestad og Tøsse, med 66/22 kV transformering i Rullestad.
- 66 kV kraftleidning mellom Tøsse og Brandvik, med 66/22 kV transformering i Tøsse.
- 66 kV kraftleidning mellom Brandvik og Blåfalli III, med 300/66 kV transformering i Blåfalli.

Søknaden frå SKL som no er på høyring omfattar anlegg nemnde i første

og tredje kulepunkt ovanfor. Anlegga i kulepunkt 2 ovanfor har vore på høyring tidlegare.

Tilknytning mellom kraftverka og Rullestad transformatorstasjon vert etablert med 22 kV kabel. Kraftverket på Skromme vil få kabel fram til noverande 22 kV linje, som vert oppgradert.

Nøkkeltal for hovudalternativet	Bordalen 1	Rullestad 2	Kvernhuselva	Skromme	Sum
HRV på inntak (kote)	508	296	400	352	-
Nedbørfelt (km²)	29,7	43,7	5,2	40,1	-
Undervatn	100,5	105	110	297	-
Fallhøgde (m)	407,5	191	290	55	-
Slukeevne, maks. (m³/s)	7,9	8,6	1,3	8	-
Tunnel (tverrsnitt)	20/25 m²	20/25 m²	-	-	-
Årsproduksjon, middel (GWh)	88,6	36,8	9,9	11,5	146,8
Utbyggingskostnad totalt (mill.kr)	219,6	103	26,4	42,1	391,1
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,52	2,8	2,67	3,66	2,66
Utbygging inkl linje (kr/kWh)					3,34

Ei samla utbygging av hovudalternativet som omsøkt viser god verdiskaping for samfunnet og dei private grunneigarane ut ifra forventa energiprisar. Totalutbyggingskostnad vert ca. 400 mill. kroner og midlere årsproduksjon på 147 GWh. Dette gir ein utbyggingspris på 3,34 kr/kWh, inkludert kostnader til nettforsterking.

Offentlege planar

Utbyggingsområda er ikkje omfatta av gjeldande verneplanar. Alle planlagde tekniske inngrep ligg utafor Folgefonna nasjonalpark, slik at denne ikkje vert berørt av arealinngrep eller redusert vassføring i elvar og bekkar.

I «Nasjonal veileder for utforming av regionale planar for små vannkraftverk» vert dei positive sidene ved småkraftutbygging nemnde i innleiinga.

I kommunale og fylkeskommunale planar er små vasskraftverk eitt av fleire satsingsfelt.

Samla plan for vassdrag

Det er gitt fritak frå Samla Planbehandling for dette prosjektet.



Tippområde for Bordalen 1 og Rullestad 2.

Moglege konsekvensar

Det er gjennomført konsekvensutgreiing i høve til fastsett program av NVE. Nedanfor gjer vi kort greie for resultatet av utgreiingar for det einskilde fagområdet.

Hydrologiske tilhøve – vassføring

Utbygging av hovudalternativet vil gi redusert vassføring. Slepping av minstevasssføring og flaumtap gir ei gjennomsnittleg restvassføring av inntaket i Dalelva på 1,18 m³/s, dvs. ca. 31 % av middelvassføringa, Skromme 1,13 m³/s, ca. 31,8 %, Bordalen 1 0,58 m³/s, ca. 17 % og Kvernhuselva 0,12 m³/s, ca. 21 %.

Flaum

Endringar i flaumtilhøva som skuldast kraftverka vil berre kunne merkast i elvestrekningane der vatnet er nytta til kraftproduksjon. Som regel vil kraftverka verta haldne i drift kontinuerleg gjennom flaumar. Dermed vil flaumvassføringar bli reduserte tilsvarande slukeevna til kraftstasjonen. Dette utgjør ein liten prosentdel av store flaumar, og vil dermed opplevast som liten reduksjon i vassføringa under ein normal flaum. I einskilde periodar må Skromme kraftverk stoppast på grunn av for lite vatn i elva.

Rullestad 2 vil fjerna noko vatn frå den nedste strekninga av Dalelva og vil såleis medføra ein reduksjon i både omfang og hyppigheit av flaum på oppdyrka areal i og ovafor elvedeltaet. Bygging av ein tilstrekkeleg stor utlaupskanal kombinert med eventuell kanalisering av Kvernhuselva og ut i Dalelva vil bli nødvendig.



Sagelva sett frå campingplass, eksisterande situasjon (over) og illustrasjon av planlagt minstevasssføring på 0,167 m³/s (under).

Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima

Ein kan venta seg ei lita senking i vasstemperatur i utlaupsvatn fra kraftverka midt på sommaren. Om vinteren vil det ikkje vera nokon merkbar effekt, bortsett frå at det vil bli mindre isproduksjon langs fossane under kuldeperiodar. Det kan bli danna eit fastare isdekke ovafor inntaket på Skromme, som vil kunna bety noko mindre ope vatn forbi fritidsbustadene på høgre elvebreidd. Strekninga i Rullestadjuvet som vert berørt vil oppleve auke i vasstemperatur grunna redusert vassmengd og forlenga oppholdstid i elva. Om vin-



Dalelva, rett oppstrøms Skromsfossen.

teren vil det ikkje vera nokon merkbar effekt.

Grunnvatn

Utbygginga vil ikkje påverke grunnvatn i eit slikt omfang at dette vil ha miljømessige konsekvensar eller influera på utnyttinga av grunnvatn. Under tunneldrift vert det gjort sondeboring og nødvendig tetting av berget ved eventuelle lekkasjar.

Sedimenttransport og erosjon

Det er ikkje sannsynleg at substratet i elvedeltaet nede mot Rullestadvatn vil oppleve noka endring av karakter eller nivå. Det er heller ikkje venta vesentlege endringar av sedimenttransport med unntak av Kvernhuselva. Inntaksdammane for både Skromme og Rullestad 2 vil bli utforma med spyletiltak for å redusere opphoping av sediment bak dei.

Skred

Inntaka for Sagelva og Raudbekken, det nedre inntaket i Bordalselva og inntak og røyrgate for Kvernhuselva ligg i område der det kan gå ras og steinsprang. Her må det utvisast merksemd med omsyn til mulig fare for skred, isnedfall og steinsprang.

Landskap

Kvar for seg vil ikkje dei ulike komponentane i kraftprosjektet gi inngrep som reduserar verdien for landskapsbildet i vesentlig grad. Den kumulative effekten er allikevel større.

Det vert ikkje bygd store magasin, driving via tunnelar avgrensar behovet for nye anleggsvegar, tippområda er svært godt skjerma, og det vil verta søkt om å få plassert kraftverka godt i terrenget. Utbygginga vil først og fremst påverke landskapet som følge av redusert vassføring i Sag-



Postvegen ved Rullestad.

fossen og i Dalelva gjennom Rullestadjuvet.

Utbygging av Kvernhuselva og Skromme vil ikkje påvirke landskapsbiletet i særleg stor grad. Bortføring av Bordalselva og nedre del av Dalelva vil derimot redusera kvaliteten av vassdraget.

Vurdering: middels til stor negativ (---)

Naturmiljø og naturmangfald

Redusert vassføring kan med resulterande redusert gyteareal vera positivt for bestandsutviklinga av aure i Rullestadvatnet. Konsekvensane med utbygging vil vera negative for dei stasjonære elvebestandane.

Redusert vassføring vil først og fremst ha ein negativ påverknad på vasslevande flora og kan medføra at hekkelokalitetar for fossefall går ut. Fossesprøytsone i Sagelva og elve-

mosevegetasjonen i Dalelva kan bli påverka. Det er ikkje registrert spesielt sjeldne eller sårbare artar her. For landlevande dyr og planter vil utbygging ha svært begrensa konsekvensar.

Vurdering: middels negativ (---).

Kulturminne

Det er kun registrert eit automatisk freda kulturminne i form av eit forhistorisk veganlegg mellom Rullestad og Røldal. Under befaringsvart denne vegen ikkje funnen. Nyare tids kulturminne er helst knytte til gards- og stølsdrift, sager og kverner der tømmerressursane vart nytta.

Postvegen frå 1870-åra går gjennom Skromme.

Samla vert den reduserte vassføringa gjennom Rullestadjuvet saman med vassinntaket i nærleiken av stølene i Bordalen vurdert som dei stør-

ste negative konsekvensane ved ei utbygging.

Tiltak i Kvernhuselva kan koma i direkte konflikt med murane til to kvernhus, og inntak i Sagelva vil medføre redusert vassføring forbi murane til ei sag.

Vurdering: liten til middels negativ (-/---)

Ureining, vasskvalitet

Aktivitetar i driftsfasen medfører normalt ingen ureiningar.

Vurdering: ubetydeleg til liten negativ (0/-)

Utbygginga påverkar heller ikke drikkevassforsyninga.

Jord- og skogbruksressursar (naturressursar)

Sams for alle utbyggingsalternativa gjeld det at det vil skapast inntekter som kan forventast å styrka den lokale busetjinga og betra tilhøva for vidare drift og utnytting av dei lokale jordbruksressursane. Arealbeslag av skog er svært lite, og nye vegar gir betre tilgjenge til skog. Grunna oppdyrking av tipp vil arealet av dyrka jord auke.

Vurdering: middels positiv konsekvens (++)

Samfunnsmessige verknader

Næringsliv og sysselsetting

Bygging av prosjekta på Rullestad og Skromme vil gje betydelege inntekter for kommunen og det lokale næringslivet. Basert på erfaring frå tidlegare kraftverksprosjekt i området, kan ein vente at den lokale leveransen i anleggsperioden vil utgjere 190 mill kr. Dette gjev om lag 110 årsverk.

Kraftverka vil gje eigedomsskatt til kommunen i anleggsfasen samla på 5,1 mill. kr. I driftsperioden (40 år) vil eigedomsskatten i første driftsår gje 2,6 mill. kr. Frå sjuande året utgjer inntektene om lag 3 mill. kr. Dersom det ikkje vert gjort nyinvesteringar, vil eigedomsskatten verta redusert med ca. 11.000 kr pr. år. I tillegg vil utbygginga gje inntekter i form av naturressursskatt til kommunen og fylket.

Grunneigarane vil i driftsfasen mota fallelige knytt til overskotet frå kraftproduksjonen.

Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB) på Ås har gjennomført eit prosjekt for å kartleggje verdiskapinga ved småkraftutbygging (Aanesland og Holm, 2009). Basert på studium av 22 småkraftverk er dei lokale ringverknadene rekna til 60 øre i tillegg til kvar krone grunneigar får i overskot frå eit småkraftverk. I samandraget står det mellom anna:

«Falleien har en indirekte virkning (ringvirkning). Falleien har en inntektsmultiplikator på omkring 0,6. Det vil si for hver krone eier mottar i fallelie, øker dette den samlede inntekten i kommunen med 1,6 kroner. Falleien øker egenkapitalen og øker dermed lånemuligheten som gir anledning for å bygge ut annen virksomhet i bygdene.»

Vurderinga i konsesjonssøknaden seier: «Prosjekta vil kunne bli eit bidrag til å oppretthalde den kontinu-

erlige sysselsettingen i dei relevante byggebransjane i området. Drift av kraftverka vil gje næringsinntekter til grunneigarane og lokalmiljøet.»

Vurdering: liten til middels positiv (+/++) i anleggsfasen og liten positiv (+) i driftsfasen.

Befolknings- og boligutvikling

Utbygging av kraftverka vil kunne vera positivt i det lokale området idet den vil kunne bremsa fråflyttinga.

Vurdering: ubetydeleg (0)

Kommuneøkonomien

Kraftproduksjonen vil gi auka inntekter i kommunen i form av eigedoms- og naturressursskatt og konsesjonsavgift. Dei auka kommuneinntektene frå sjuande driftsår vil utgjera ca. 1,5 % av dagens driftsbudsjett i kommunen og ca. 3,3 % av skatteinntektene.

Vurdering: middels positiv (++)

Friluftsliv, turisme og reiseliv

Tiltaket vil gi betra tilgjenge til områda, og kraftanlegga kan nyttast i den lokale reiselivssatsinga.

Oppgradering av vegar vil gi betre høve for turgåing. Inngrep i naturen kan redusere attraktiviteten i området noko i høve til naturbasert reiseliv og friluftsliv (inkludert fiske).

Vurdering: middels negativ (--)

Fond til næringsutvikling

Grunneigarane ynskjer at inntekter frå ei kraftutbygging skal bidra til lokal vekst. Kvart år skal inntil 20 % av grunneigarane sine inntekter kunne nyttast til å gje støtte til utviklingsidear i tidleg fase, samt direkte investeringar i lokale tiltak.

Samanstilling av konsekvensane og vurdering av alternativa

Skromme – Skromme kraftverk vert vurdert å ha liten til middels negativ konsekvens for landskap og naturmiljø, men har elles svært små negative (eller positive) konsekvensar.

Kvernhuselva – Kvernhuselva kraftverk vert vurdert å ha liten til middels negativ konsekvens for landskap og naturmiljø, og er middels negativ for kulturmiljø. Med unntak av kulturmiljø vert konsekvensane vurderte til å vera mykje dei same som for Skromme.

Rullestad 2 – Rullestad 2 vert vurdert å ha liten til middels negativ konsekvens for naturmiljø, og er middels negativt for landskap, friluftsliv og reiseliv. Utbygginga inneber eit større fysisk inngrep enn dei to før nemnde i form av inntaksterskel og utløpskanal. Sidan vassvegen skal byggast i fjell, vert miljøkonsekvensane likevel vurderte som akseptable.

Bordalen 1 – Bordalen 1 inkluderer ei overføring av Sagelva og er vurdert som middels negativ for dei fleste fagutgreiingar, med unntak av landbruk, kommunaløkonomi og næringsutvikling.


Forslag til avbøtande tiltak:

Rullestad og Skromme Energi AS foreslår fleire avbøtande tiltak for å redusera dei negative konsekvensane ved utbygging av dei ulike alternativa.

Tema	Tiltak
Minstevassføring	I elvane vil minstevassføring, jf. tabell på neste side, vera det viktigaste tiltaket for å redusera dei negative konsekvensane. I tillegg til dette vil overlaup i periodar med høg vassføring og avrenning frå restfeltet medverka til ei noko høgare restvassføring.
Tersklar	Bygging av tersklar er aktuelt på strekningar der elvar er stilteflytande. I delar av vassdraga er det mange kulpar forma av naturlege tersklar, og desse gjer at vannspegelen fleire stader vil verta tilnærma som før.
Tidspunkt for anleggsaktivitet	Graving og sprenging i elve- og bekkelaupa vil verta gjort på ei tid av året der det ikkje finst fiskeegg og plommeseckkyngel. Ein eller to delvis øydelagde gytesongar vil ikkje nødvendigvis være negativt, ettersom aurebestanden i Rullestadvatnet er noko overbefolka.
Landskap	- Alle område, areal og vegar som vert berørte av prosjektet vil i størst mogeleg grad bli pussa opp og tilbakeført etter at anleggsarbeidet er ferdig. - Jordbruk og beiteområde som blir berørt av tekniske inngrep vert sett i stand etter anleggsfasen. Det bør setjast opp gjerde langs Bordalselva.
Fisk	Det viktigaste tiltaket for å unngå tørrlegging av egg eller plommeseckkyngel, er å sørge for minstevassføring i driftsfasen.
Miljøoppfølging	Det vil bli utarbeidd miljøoppfølgingsprogram for prosjektet.
Kultur	Tilrettelagt tilkomst til kulturminne vert vurdert, og gjennom anleggsfasen bør tilkomst på Postvegen sikrast.
Næringsliv, turistnæring, sysselsetting og kommunal økonomi	- Aktørar innanfor turistnæring og friluftsliv vil bli kontakta om anleggsarbeidet, slik at dei kan planlegga aktivitetar i høve til dette. - Kraftstasjonane vil bli utforma slik at dei kan bli attraksjonar og eit mål for turistar. - Massar frå tunneldrivinga kan nyttast til å anlegge og utbetre parkeringstilhøva i området, noko som vil auke tilgjenge for reise- og friluftsliv.
Informasjon	Informasjon til berørte paratar, gjeld spesielt friluftsliv, turisme og reiseliv, men det er også viktig med god informasjon til buette i området .



Oppstraums Per bru, eksisterande situasjon.



Illustrasjon med planlagt minstevassføring.

Forslag til minstevassføring:

Inntaksdammen	Forslag Q _{min} sommer	Forslag Q _{min} vinter
Kvernhuselva	29 l/s	15 l/s
Skromme	488 l/s	239 l/s
Rullestad 2	524 l/s	257 l/s
Bordalselva (ved DNT bru)	216 l/s	78 l/s
Skårselva (Bordalen 2)	78 l/s	28 l/s
Bordalen 3	317 l/s	114 l/s
Sagelva	167 l/s	60 l/s

Tidsplan for gjennomføring

Byggjetida for kvart kraftverk vil truleg vera 18–36 månader.

Bygging av dammar og inntak må gjerast i periodar med låg vasstand. Anna arbeid kan gjerast uavhengig av årstid. Ein typisk plan for gjennomføring av kvart anlegg vert:

	2008	2009	2010	2011
Melding og høyring				
Konsesjonssøknad/KU				
Konsesjonsbehandling				
Raskaste byggjetid (småkraftverk)				
Raskaste byggjetid (store anlegg)				
Drift (småkraftverk)				
Drift (store anlegg)				

Vidare saksgang

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggings-saken i tre fasar:

Fase 1 – meldingsfasen

Tidlegare har tiltakshaver gjort greie for planane sine i ei melding som vart sendt på høyring i august 2008. Etter å ha mottatt høyringsuttale fastsette NVE eit konsekvensutgreiingsprogram.

Fase 2 – utgreiingsfasen

Konsekvensane vart i denne fasen utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare. Fasen vart avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 – søknadsfasen

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til Olje- og energidepartementet (OED) ved NVE.

Høyring: Søknaden vert kunngjort i lokalpressa og lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen. Samtidig vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg til alle som kom med uttale til meldinga. Søknaden med konsekvensutgreiing vil vere tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan kome med uttale. Denne kan sendast via nettsida www.nve.no/vannkraft, på sida som høyrer til saka, med e-post til nve@nve.no eller til


NVE – Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO.

Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Føremålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er

- å informere om planane
- å få begrunna tilbakemeldingar

Om det blir ein rettskraftig konsesjon i løpet av 2013, vert den tidlegaste datoen for produksjon frå småkraftverk hausten 2015, medan større anlegg tidlegast kan kome i drift hausten 2016.



- på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidde, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- å få begrunna tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- å få eventuelle nye forslag til avbøtande tiltak

Ope møte: I løpet av høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der deltakarane vil bli orienterte om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil bli kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.


Sluttbehandling: Etter at høyringsrunden er avslutta, utarbeider NVE sin innstilling i saka og sender den til OED for sluttbehandling. Endeleg avgjerd vert tatt av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan bli lagde fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setje vilkår for drift av kraftverket og

gi pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skader og ulemper.

Etter vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettighetshavarar, kommunar og andre interesserte krevje utgifter til juridisk bistand og sakkyn- dig hjelp dekkja av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg, kan saka leggjast fram for NVE. Vi tilrår at privatpersonar og organisasjonar med samenfallande interesser samordnar krava sine, og at krav om dekning blir avklart med tiltakshavar på førehand.

Søknaden om nye 66 kV overføringsleidningar mellom Rullestad og Blåfalli III er tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/kraftledninger og har same høyringsfrist. Kontaktperson i NVE er Håvar Røstad, hroe@nve.no, tlf. 22 95 92 28. På det opne møtet, som er omtalt ovanfor, vil det også bli orientert om denne søknaden.



TEGNFORKLARING					
Ny 66 kV ledning	---	Gulr:	Kont:	Sign:	RJ
Omsett 66 kV linse, ble aktuell	---	Gulr:	Sign:	RHO	G
22 kV linse-kabel i SØK områdene	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	F
22 kV kabel anleggskonsesjon for ledning	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	Rj/pj
66 kV-sektabel	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	
Ekstern ledning	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	
Planlagt anlegg	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	
Transformatorstasjon ny - eksisterende	---	Rev nr:	Rev nr:	Rev nr:	

Tegn nr.: B-12439
Vegtekt: 1:50.000
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS.
66 kV kraftledning Rullestad - Blåfelli II.
Oversiktskart.